

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 60	Utkommer hver måned	September 1935	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	6. årg.
--------	---------------------	----------------	--	---------

Morgenbønn.

Kjære Herre Jesus, vær du mitt lys idag, opplyst mitt hjerte, så jeg kan leve som et lysets barn og sky alle mørkets gjerninger og tjene dig under alt som møter mig på denne dag. Amen.

Morgensang.

(Mel.: Nu hviler mark og enge.)

Nu lyser sol i lunde
og tusen fuglemunde
utsynger Herrens lov.
De lette morgenvinde
utånder duft herinne
fra eng og mark og duggrisk skov.

O Herre, tiden iler.
Nu vekkes de der hviler,
til dagens travle flid.
Og også våre hender
skal røres, til du tender
ditt stjernegull ved aftentid.

O Fader kjær, opliv oss,
velsign vår dag og gi oss
av nådens dype veld.
Om vi skal ydmykt bøies
og kun med lite nøies —
gi oss din fred i sinn og sjel!

Så går vi til vårt virke
fra bønnens stille kirke —
o Herre, vær du med!
La oss i striden kjenne
at du kan smerten vende
ved troens ord til hjertets fred!

Fra »Kirkeklokken«.

Morgontimen.

Dei fyrste augneblinkar um dagen er ofte dei viktigaste av alle. I dei vert det ofte avgjort korleis heile dagen skal verta. Derfor er det mykje um å gjera for oss som

kristne, at nettupp dei vert velsigna av Gud. Er denne tid av dagen innvigt til Gud og helga til han, då kan og resten av dagen få del i denne signing og lukke, og aldri kjem vi til å angra at vi byrja ein dag med Gud.

Jesus, vår Herre og Frelsar, har sjølv vigt morgonstunda til sin himmelske Fader. — Læresveinane visste å fortelja um det. So-leis fortel Markus, som vel har høyr det av apostelen Peter: »I otta, fyrr det vart dag, stod han upp og gjekk ut og burf til ein øydestad; der heldt han bøn.« (Mark. 1, 35). Her ute i den einsame og stille natura har han tala med sin himmelske Fader og lyft hjarta sitt upp til han. Her har han fått kraft til si gjerning um dagen og til den strid som dagen førde med seg. Her i den stille morgonstund har han atter og atter bøyg seg inn under Faderens vilje. Til læresveinane som leitar etter han og finn han derute i einsemda, seier han: »Lat oss fara til grendene her ikring so eg kan få tala for folket der og; for det var det eg gjekk ut for.«

Når Jesus, Guds son, hadde ein slik trong til å be til sin Fader, kor mykje skulde då ikkje vi ynskja, at morgontimen må verta velsigna for oss. Då er hugen på ein sers måte open for Gud og dei ævelege ting. Då er ein serleg skikka til å ta imot signing og kraft ovanfrå. Og vi treng krafta frå Gud, dersom vi skal utføra vår dagsgjering på rette måten. Arbeidet kan ofte vera tungt og slitande; livsstriden kan vera hard. Kor veike og hjelpelause står vi ikkje ofte! Men med Guds hjelp vil det lukkast å gjera det vi skal. Dei timar som vi ofrar til han, er aldri burtkasta. Det strøymmer signing og kraft ifrå dei, sjela vender seg i tru mot dei høge og hjarta vert opna for Guds vilje. — Og vidare: Ofte har vi vanskeleg for å sjå

kva som er vår oppgåve og vår plikt um dagen. Under morgonbøna vert augo opplatne til å sjå vårt kall og vårt livsmål: å ta på oss det som Gud legg på oss so vi går på hans vegar og oppfyller hans vilje. Kvar dag å ha for augo det som Gud ynskjer av oss, det gjev velsigning. Våre oppgåver og vårt arbeid er ikkje berre pålagt oss av menneskje, men vi er i Guds hand, og djupast set er det han som byd oss å gjera vår plikt.

Morgontimen er og den beste tid til å lesa i Guds ord. Kanhenda vi ikkje har so lang stund å gjera med, men la oss bruka den! Det gjev stor velsigning. Det vitnar alle dei som har til sedvane å byrja dagen med eit Guds ord.

Ingen ting er betre enn dette: um morgonen å samla si sjel ei lita stund for å vera stille for Gud, vera åleine med han og finna styrke i han. Når morgonstunda er vigt til Gud, so kastar den sitt ljøs over heile dagen og gjev velsigning like til kvelden.

Å Gud skje lov, hver morgen
med trøstig mot,
jeg legger av all sorgen
ved korsets fot.
Så går jeg glad og freidig
med Gud i sinn
til dagens travle virke
og arbeid inn.

Frå Salomos ordtøke.

Rik og fatig.

Gudlause skattar gagnar deg ikkje, men rettferd skal frelsa frå døden. (10, 2).

Rettvis inntekt er til liv, gudlaus vinning er til synd. (10, 16).

Ei gru for Herren er falske vekter men rette vekter likar han godt. (11, 1).

Betre er lite med rettferd enn stor innkome med urett. (16, 8).

Brød som eit menneskje vinn seg med svik smakar søtt,

men sidan vert munnen hans liksom av småsteinar full. (20, 17).

Rikmanns gods er hans faste borg, ein urikkeleg mur i hans eigne tankar. (18, 11).

Ikkje hjelper gods på vredens dag, men rettferd frelser frå døden. (11, 4).

Den som lit på sin rikdom skal stupa, men den som er rettvis skal grønkast som lauvet. (11, 28).

Gjev meg ikkje armød eller rikdom! Lat meg eta mitt filetla brød. (30, 8).

Betre er lite med otte for Herren enn store skattar med mykje uro. (15, 16).

Betre er litt kál-mat — med kjærleik til emu gjødde uksesteik — med hat attåt. (15, 17).

Betre ein mole med turre brød — med ro attåt enn huset fullt av høgtidskost — med trette til. (17, 1).

Den fatige bed med audmjuke bøn, den rike, han svarar med harde ord. (18, 23).

Jamvel av sin ven vert den fatige hata, men mange er dei som har kjærleik til den rike. (14, 20).

Signa vert den som har godhug i hjarta, fordi han til fatige gjev av sitt brød. (22, 9).

Den som gjer miskunn mot fatigmann låner til Herren,

og vederlag får han av Herren for all si velgjerning. (19, 17).

Den som velsignar skal trivast vel, og hjelper du andre vert sjølv du hjelpt. (11, 26).

Den som vanvyrder sin næste, han syndar, men sæl er den som med arme har medynk. (14, 21).

Den som trykkjer den arme, han spotter hans skapar,

men den som er mild mot den fatige syner Han ære. (14, 31).

Den som hæder den fatige spottar hans skapar, og den som gled seg ved ulukke, han skal få refsing. (17, 5).

Den som vil lata att øyra når fatigmann ropar, sjølv skal han ropa eingong, og ingen skal svara!

Kyrkjeklokka.

(Tone: „Kirken den er et gammelt hus“.)

Sjå upp, vend augo mot Guds stad, sjå upp, lat tankar få kvila.

I solarsprett og solarglad strålar so kjærleg kan smila, kalla so kjærleg til kvar bygd: Kom hit, vert styrkt i tru og dygd, gakk ikkje lenger og tvila!

Herre, du hugen venda må dit der me freden fær smaka. Nåde kvar dag av deg me få, Herre gjev kraft til å vaka, vaka imot vår eigen hug, som er for veik mot verdsens sug, livsgleda frå oss vil taka.

Berre hjå deg vert dette løynt, når du oss frie fær gjera. Berre hjå deg me finner trøyst når du vår tilflukt får vera. Lat oss so reisa oss og gå upp til hans tempel, store, små, takka og gjeva han æra.

Lat oss i sundagshelga fred stille til tonane lyda, høyra kor vent og mildt dei bed og oss sitt bodskap vil byda.

Lat desse kyrkjeklokkeslag
minna oss um den store dag
då Gud kvar gåta vil tyda.

Gjev at vår kyrkjeklokka må
heilt inn i kyrkja må kalle,
tonane inn i hjarta nå,
lyfta oss upp ifrå fallet.
Gjev at vår tanke, hug og sinn
søkje til deg, og veggen finn.
Herre, miskunna oss alle.

Lat so kvart kyrkjeklokkeslag
minna um soning og frelsa.
Lat oss so gå til Gud kvar dag
finna oss nåde og frelsa.
Hjelp Gud, at me med ærleg sinn,
opnar oss heilt so du slepp inn,
og me fær lovsyngja frelsa.

S. K.



Våre døde.

12. juli: Ole Josefsson Gangsøy, e. kårman; f. 1854; alderdom.
19. juli: Dortea Bentsdr. Kjøllesdal, kårnkje; f. 1862 på Levdalsbakke; kreft.
23. juli: Karoline Abrahamsdr. Tuen, kona til Kristen O. Tuen; f. 1858 i Sør-Vagsøy; brystsjukdom.

Som ein skugge er våre dagar
på jorda. 2. Krøn. 20, 15.

Notisar.

Døypete: 7. juli Johan Roald, f. 10. mai av foreldre Bernt Rasmussen Rylandsholm, Hennøy, og Ingeborg Jespersdr. (f. Hennøy). — S. d. Solveig Berit, f. 25. mars; Steffen Sørensen Lofnes og Elise Olsdr. (f. Leirgulen). — 28. juli Petra Reidunn, f. 28. mai; Karl Samuelsson Hunskar og Katrina Paulsdr. (f. Old-eide). — 4. aug. Klara Berta, f. 10. juni; Matias Matiasson Stave, Bryggja, og Albertine Kristensdr. (f. Leirgulen).

Vigde: 27. juli i Flora Johan Lothe og Emma Gjørven, Bryggja. — 14. august i Totland Asbjørn Skram, Hjørundfjord, og Kari Totland.

Spursmålet um byte av salmebok i Rugsund var til avrøysting 21. juli. Det var avrøysting i alle krinsar. Det vart avgjeve i alt 433 røyster. Av dei var 235 for den gamle Landstads salmebok, 198 for den nynorske.

Basarar: Elde 26. mai til Santalmisjonen og indre sjømannsmisjon kr. 103.35. — Rugsund. barneforeininga Solstrålen, 6. juli til heidningmisjonen 51.40 + børspepar 8.60. — Nordstrand 24. juni til heidningmisjonen 304.00. — Hamnen 14. juli til sjømannsmisjonen 87.15. — Leirgulen 2. juli til heidningmisjonen 140.00.

For 100 år sidan. Døde: 21. sept. 1835 Margrete Jakobsdr. Hestevig, kårkone, 71 år.

Gudstenester:

14. sund. etter triein., 22. sept.: Davik.
15. sund. etter triein., 29. sept.: Aalfot.
16. sund. etter triein., 6. okt.: Totland.
17. sund. etter triein., 13. okt.: Rugsund.
18. sund. etter triein., 20. okt.: Davik.

Ved kyrkjestemna på Kjølssætra 11. august kom inn ikr. 385 kr. Der vart halde taler av prost Nybø, ordførar Lefdal og fylkesagronom Faleide. Etter framlegg frå ordføraren vedtok møtelyden samrøystes å oppmoda kyrkjenemnda no å senda inn søknad um løyve til å byggja kyrkje i Kjølssætra.

Kvittering for kontingent. Berle: Lærar Førde 3 kr.; Sakarias Hestevik, Sivert Liset 2; Oskar Hestevik, Elisabet Hestevik, D. Hessevik 2.50; Synneve Myrvang, Karoline Furenes 1; Jens Øvrebø 1.50. — Hennøy: B. Torheim, Hans Hennøy 3; Alvin Rylandsholm, Ivar Rise 2; Synneve Klubben 2.50. — Maurstad: Fru Laura Maurstad 3. — Rimstad: O. M. Totland 5. Kjølssætra: Johan J. Hatlegjerde 3. — Haus: Anders Bjørkelo 5. — Dombestein: Anton Domsten 1.50. — Davik: Rasmus P. Daviknes 2.50. — Rugsund: Alb. Bakke 3.

Hjarteleg takk til alle.

Det eneste håp.

Den store svenske forfatter Strindberg var til å begynne med gudsfornekter og krass naturalist. Men, sier en av dem som har skrevet om ham: »Just som hans europeiske berømmelse måtte betraktes som grunnfestet, just som hans skuespill opførtes på Frankrikes største scene, og hans bøker oversattes på allverdens tungemål, kom omslaget: angsten, lengselen tilbake til Gud.« For Strindberg hadde ikke kunnet finne den fred som hans urolige hjerte tørstet etter, i det frigjørelsens evangelium han inntil da hadde forkynt. Og fordi han som var begynt med hensynsløst å ville skildre sannheten, nu så at han var blitt bedraget, men stadig eiet tørsten etter sannheten, så søkte han og fant han den hvor den alene er å finne — i Jesus Kristus. Han skriver selv i en av sine bøker: »Søk sannheten; ti den finnes; men den finnes kun på et eneste sted, hos den som selv er veien, sannheten og livet.«

Hans siste ord før han døde, lød således: »Mitt livs konto er avsluttet. Nu er alt personlig borte. Den (han pekte på bibelen som lå på bordet) er det eneste riktige. Nu sier jeg ikke mere.« Og på hans grav står der, efter hans egen anmodning, et simpelt

trekors med en krans, i hvilken der står:
»Ave crux, spes u nica«: Vær hilset kors,
du eneste håp.

Minnesmerket på Strindbergs grav blev avsløret på årsdagen for hans død. (14. mai 1914). Det svenske folk hadde ønsket å reise ham et praktfullt gravmæle, men det bøiet sig for hans siste vilje. Imidlertid var det ikke alle som bøiet sig uten knurren. I en minnetale sa således en professor: »August Strindberg har selv reist dette kors på sin grav. Det tilkommer det svenske folk og etterverdenen å avgjøre, om det i all fremtid skal bli stående. Dikteren har gjort sin gestus, og vi må bøie oss for den.« Heldigvis møtte dette merkelige utslag av »frisinn« dog motstand, idet en svensk mann skrev: »Denne tale er en hån mot Strindbergs minne. Jeg forstår så vel at for professoren og de fleste andre var Strindbergs omvendelse yderst uvelkommen. Men alle kjenner man Strindberg, om man tror at dette gravkors og dets innskrift kun skulde være en »dikters gestus«. Det var et uttrykk for hans efter usigelig mørke, tvil og nød tilkjempede kristne tro. La hans venner så kun kalle det svakhet. Men dette simple trekors på den store dikters grav skal for alle de slekter som kommer, for de sørgende som her følger sine kjære til jorden, for alle dem som midt i deres livsnytelse og kultur mistet det ene fornødne, vitne om at kun korset skjenker fred og håp. Det skal vitne om at ære, fremgang, æstetikk, kunst og nytelse intet duer når det gjelder sjelens frelse. Men korset, Kristi kors, redder fra synd og nød og død. Korset er selv for den største dikter det eneste som kan bygges på.«

Og er ikke dette sannheten?

*Jo, jeg tror på korsets gåte,
gjør det, Frelser, av din nåde!
Stå mig bi, når fienden frister!
Rekk mig hånd når øiet brister!
Sig: vi går til Paradis.*

Hold vakt!

Hold vakt over *din tunge*. La den aldri uttale ukjærlige ord mot din næste eller dem du lever sammen med. La den aldri uttale hårde domme over dine medmennesker, ikke

baktale dem, ikke lyve på dem, men tale vel om dem, ta alt i beste mening, sålangt sannheten tillater det.

Hold vakt over *dine øine*. Tillat dem aldri å se i dårlige bøker, bilder og blade eller andre anstøtvekkende gjenstande. Det har ofte gjort ubotelig skade. Det fortelles om en berømt kunstner, at han pleiet å si at han hadde for sedvane aldri lenge å betrakte et dårlig maleri. Han hadde nemlig funnet at hans egen pensel liksom blev smittet derav. Det dårlige festnet sig i hans tanker, og han måtte være på vakt for ikke å gjengi noget derav. Barn som vokser op og blir menn og kvinner, har heller ikke godt av å se på slikt, som utøver en dårlig innflytelse på dem, ti onde eksempler smitter så lett. Sky derfor sådant og se på det gode, rene og sanne, på Guds ord og hvad det gir oss, men fremfor alt: se på Jesus.

Hold vakt over *dine øren*. La dem aldri lytte til dårlig tale eller lettsindige ord, som kun smitter din fantasi og skader din karakter.

Vi må stå på vakt mot alle fristelser. En gammel forfatter har sagt: Vi har for meget krutt i oss til å gå gjennom ild. Det onde som er i oss behøver bare berøring med fristelsen for å leve riktig op. Mange har følt sig aldeles sikre og har dog måttet stå beskjemmet, da deres prøvetime kom. Vi kan ikke, nogen av oss, si i hvilke synder vi kan falle, om vi er overlatt til oss selv, når fristelsen kommer. Hvor nødvendig det er å be: Led oss ikke inn i fristelse, men frels oss fra det onde. Og vi må ikke alene be den, men la den lede oss. Det hjelper ikke å be den, hvis vi så for egen regning selv går inn i fristelsen. Vi må våke mot fristelsen likeså vel som be imot den. Salomo sier: »Kom ikke på de ugudeliges sti og gå ikke frem på de ondes vei, la den ligge, gå ikke frem på den, vik fra den og gå forbi.« Særlig må vi holde vakt mot de synder som vi vet vi er mest utsatt for. Er drukkenskap din særlige fristelse, så undgå enhver anledning til drikk. Er det sinnet? Hold et solid bånd over dine følelser og din tunge. Hvad det så gjelder: våk og be så du ikke skal falle i fristelse og fanges i syndens snare.